

## Trafikkplan for Kvåle skule



### Informasjon om skulen

Kvåle skule er ein 6 – 10 skule med ca.400 elevar. I frå hausten 2028 vert skulen ein rein ungdomsskule. Skulen ligg i eit område med relativt mykje trafikk, der trafikktryggleiken er bra ivareteke. Kommunen har trygga skulevegen med god skilting, fortau, fotgjengarfelt og fartsdemparar i nærområdet rundt skulen.

Kvåle skule har i mange år hatt og har trafikk som eit populært valfag for 9 og 10 kl. elevar. Her tilbyr skulen trafikkopplæring og trafikalt-grunnkurs, men ikkje mørkekøyring. I fagplanen ligg det fast eit større arbeid på kartlegging av kvar einskild elev sin skuleveg.

Dei fleste elevane ved Kvåle skule går, sykklar eller tek buss til skulen, men nokre elevar vert køyrde av foreldra. Dette utfordrar skulen på trafikktryggleik ved at det vert køyring inn på skulen sitt område eller sett av elevar i soner nær busspå eller avstiging.

### Generelt om planen

Me ynskjer at alle våre elevar skal vere trygge i trafikken, både på skulevegen og på turar i skuletida. Skulen skal dessutan gjera elevane rusta for livet. Haldningar til sikkerheit i trafikken dannast tidleg, og opplæringa i trafikk er derfor eit viktig verkemiddel for å redusera ulykkesrisikoen blant ungdom. Opplæringa dei får på ungdomsskulen og i 6 og 7 kl., skal gjera dei medviten på kva det betyr i praksis å vera ein omsynsfull, oppmerksom og forsiktig trafikkant. Elevane skal kunne vurdere trafikkforhold og vite kva dei bør gjera for å unngå ulykker. I tillegg skal opplæringa gje dei kunnskap om sikre køyretøy, rutinar ved ulykker og livreddande førstehjelp. Planen inneheld også rutinar og retningslinjer for sikkerheita på turar, slik at både tilsette og elevar veit kva slags ansvar og pliktar det medfører når undervisninga flyttast ut av klasserommet.

Som skule kan me aldri gardere oss 100% for at skadar og ulykker skjer i trafikken, men me skal gjennom gode rutinar, prosedyrar og organisert trafikkopplæring i skulen, samt å auka elevane sine kunnskarar og ferdigheit om trafikkisikkerheit, redusere risikoen for ulykker.

Desse kriteria vektlegg Kvåle skule for å bli ein trafikkisikker skule

- Skulen har ein plan for å ivareta elevane sin sikkerheit til og frå skulen, enten dei går, sykklar eller vert køyrde.
- Skulen har utarbeida rutinar for å ivareta tryggleiken på turar til fots, sykkel, i bil/buss eller med kollektivtransport i skulen sin regi, servicetransport og moped/firhjuling.
- Skulen har gode rutinar for at planane blir fylde av dei tilsette.
- Skulen har integrert trafikkopplæringa i lokal læreplan/årsplan i tråd med Kunnskapsløftet sine kompetansemål.
- Skulen legg til rette for at det blir gjennomført god trafikkopplæring ved innkjøp av materiell eller kursing av lærarar.

- Skulen sin trafikkplan er eit årleg tema på foreldremøte og i FAU. Foreldre blir involvert i skulen sin trafikktryggleiks-arbeid – gjennom FAU.
- Trafikkplanen/trafikkikkerheit vert drøfta i enkelte elevråd i løpet av skuleåret.

### Revisjon og opplæring i trafikk - sikkerhetsarbeidet

1. Planen skal gjennomgåast årleg i FAU-møter og i skulen sitt elevråd og samarbeidsutval.
2. Planen skal takast opp årleg i skulen sitt personale på planleggingsdag før skulestart.

#### Ordensreglement

På skuleturar gjeld skulen sitt ordensreglement. Det betyr at me forventar god og respektfull oppførsel også på turar utanfor skulen sitt område.

#### Retningslinjer for turar

Retningslinjer for turar skal ved skulestart gjennomgåast og diskuterast i alle klassar ved Kvåle skule. Fokus på korleis me skal opptre i trafikken som gåande og syklande, slik at kvar einskild elev skal ha ein best mogleg sikker og trygg skuleveg. Me nyttar kart over skulen sitt nærområde når me går gjennom trafikkplanen. Trafikkikkerheit skal og vere tema på foreldre og FAU-møter om hausten.


#### Turar til fots i nærmiljøet:

- Ved felles turar, skal klassen gå samla
- Ved lengre turar skal det alltid vere to vaksne.
- Ein som går fremst og ein som går bakarst
- Når skulen/trinna har tur på dagsorden i fysaken, skal det alltid vere to vaksne, der det er dei same prosedyrane som punkta ovanfor.
- Mange elevar sykklar til og frå skulen. Skal nokon av de ha med seg sykkelen på utflukt på slutten av dagen, skal eleven trilla sykkelen.



#### Tur på sykkel

- Elevane skal bli kjent med sykkelruta på førehand og kjenne til trafikkreglane som gjeld for å ferdast i trafikken.
- På sykkelturar skal det alltid vere to ansvarlege vaksne med, der den eine sykklar fremst og den andre bakarst.
- Elevar og vaksne skal ha på refleksvestar.
- Elevar og vaksne skal ha hjelm på sykkel i skulen sin regi.
- Elevane skal sykla på rekkje.
- Oppmoda til hjelmbruk ved å sende ut melding til foreldre på Visma og ta det opp på foreldremøte
- Elevane skal oppføre seg som køyrande og kjenne til trafikkreglar og vikepliktsregelen spesielt.
- Elevane held avstand til sykkel framfor og sykklar ut i grøfta dersom dei får problem av teknisk art og ventar på siste vaksne.
- Ved bruk av el/sparkesykkel gjeld dei same reglane som for sykkel



## Sykling, el- sparkesykkel og skating i skuletida

### REGLAR FOR SYKLING OG SKATING

Sykling:

- På Kvåle skule brukar me hjelm når me sykklar
- Det er kun lov til å sykle i friminutta
- All sykling skal føregå på sykkelområda
- Sykkelen må vere i orden ved at bremsane fungerer godt.

Skating/sparkesykkel:

- NB! El - sparkesykkel skal ikkje nyttast i skuletida.
- Kun rampen som skal nyttast ved skating og området ved sida av rampen mot tribuna (7 ar bana)
- Alle må bruke hjelm
- Kun 1 om gangen som bruker rampen. Dei andre står oppe på rampen og ventar på tur.
- Skatebrettet og sparkesykkel skal ikkje brukast til og frå garderobe til skaterampen og motsett

**Det er på eiga ansvar når elevane tek med seg sykkel, sparkesykkel, skateboard og hjelm. Skulen erstattar ikkje ting eller utstyr som vert øydelagd.**

#### Turar med buss

- Informere elevane om korleis dei skal oppføre seg på stoppestad og om bord i bussen.
  - Stå i ro når bussen kjem
  - Gå roleg inn i bussen
  - Alle skal bruke bilbelte
  - Alle elevar skal sitja i ro i bussen
- Kontaktlærer har med seg elevliste og skal ha kontroll på tal elevar som er med på turen
- Plasser deg i bussen slik at du kan følge med elevane, og gripe inn ved avvikande åtferd.
- Det skal alltid vere minst ein vaksen ved bussavgangar i skuletida
- Ved ekskursjonar med buss, skal ein vaksen alltid gå først ut av bussen, for å unngå at elevar spring ukontrollert ut av bussen, og for å unngå at farlege situasjonar kan oppstå.



#### Turar med privatbilar

- Informasjon til føresette om farar ved henting- og bringsituasjonar til og frå skulen. NB! Unngå å køyre inn på skuleplassen for å snu/ryggja. Skulen oppmodar foreldra som skal henta eller bringa elevar, om at av og på stiging skjer enten ved Ingafossen på parkeringsplassen under busshaldeplassen eller ved Sogndal vidaregåande skule.
- Føresette må samtykkje skriftleg til at elevar kan køyra privat transport i skuletida. Skulen og kontaktlærer for eleven har ansvar å sjekke det ut at dette skal liggja inne på Visma i lag med dei andre samtykka.
- Privatbilar som nyttast må vera i forskriftmessig stand.
- Lærer/sjåfør har ansvar for at alle elevar skal bruke bilbelte.
- Dei føresette skal informerast kor turen går.



#### Servicebilar

- Mjølkebil/kantinevarer har kun lov til å køyre inn på skuleplassen når elevar har timar.
- Taxitransport av elevar skal ikkje køyre inn på skuleplassen
- Andre servicebilar nyttar vegen nede ved inngangen



til gamlebygninga

- Vaktmeistar har oppstillingsplass for bil nede ved inngangen til gamlebygninga

### **Moped/firhjuling**

- Elevar som har gjennomført det trafikale grunnkurs og fyller 16 år i løpet av 10. klasse, kører gjerne moped eller firhjuling til skulen om våren i 10. kl. . Dei må parkering på lik linje som dei tilsette ved Kvåle skule, ved at dei nyttar parkeringsplassane ved skulen eller på Campus - området.



### **Ulykker og uhell på tur**

- Vaksne skal alltid ha tilgang på telefon. Ved mindre uhell tek ein kontakt med skulen sin administrasjon. Vidare vurderer ein kontakt med heim/lege. Viktig at lærarar har med seg kontakinformasjon til føresette av tryggleiksårsakar.
- Rutinar ved trafikkulukker;
  - Ved meir alvorlege hendingar, skal ein kontakte 113 før ein kontaktar heim/skule.
  - Dei vaksne på skulen har alltid med lettare førstehjelpsutstyr på turar til fots og sykkel.
  - Ved alle skader som fører til legebesøk eller ved mistanke om seinskadar, skal ein nytta NAV sitt skademeldingsskjema. Skulen og kommunen har prosedyrar for dette.

### **Viktige telefonnummer:**

Ambulanse: 113

Sogndal legekantor: 57629700

Politiet: 112

Brann: 110

Naudhjelp: 116, 117

## Fagplan i trafikkopplæringa ved Kvåle skule

Trinn	Tema	Kompetansemål	Mål
6.	-Repetisjon av sykling i trafikken. Lese trafikkbildet – blikk kontakt med sjåfør - kjenne til reglar for sykling i trafikken Ferdighetstrening i trafikk – Sykkelturar	Elevane skal kunne praktisere trygg bruk av sykkel som framkomstmiddel.  Naturfag. lese og forstå faremerking og reflektere over hensikta med desse	Kjenne til regler for sykling i trafikk og bruk av sikkerheitsutstyr. Elevane skal kunne ta omsyn til andre trafikantar
7.	Trafikkteljing og statistikk. Repetisjon av trafikkreglar for syklistar og fotgjengarar. Førstehjelpskurs – grunnleggjande førstehjelp Ferdighetstrening i trafikk - Sykkelturar	Bruke nærmiljøet og utforske lokale kulturar for friluftsliv Vurdere sikkerheit i uteaktivitet og naturferdsel og gjennomføre sjølvberging i vatn.	-Kunne gjennomføre grunnleggjande førstehjelp. -Vidareføring med progresjon av reglar for sykling i trafikk - Bruk av sikkerheitsutstyr -Kunne ta omsyn til andre trafikantar
8.	Ung og trafikken / Haldningsskapande arbeid  Stikkord Personleg verneutstyr som -Sykkelhjelm - Refleks  -Trafikkreglar - Førstehjelp	-Elevane skal gjere greie for korleis trafikktryggleiksutstyr hindrar og minskar skadar ved uhell og ulykker. - Elevane skal gjere greie for omgrepa fart og akselerasjon, måla storleik med enkle hjelpemiddel og gje døme på korleis kraft er knytta til akselerasjon. -Elevane skal følge sikkerheitstiltak som er -- Skildra i HMS-rutinar og gjere risikovurderingar. -Eleven skal kunne skjønna og gjennomføre livreddande førstehjelp -Eleven skal kunne vurdere risiko og tryggleik ved ulike uteaktivitetar, forstå og gjennomføre sporlaus og trygg ferdsel.	Eleven drøfter forskjellen på utstyr som førebyggjer skadar og utstyr som reduserer skadar, og kan forklare korleis dei fungerer og skal brukast. -Eleven argumenterer og reflekterer over korleis bruk av tryggleiksutstyr er viktig i trafikken. -Viser at dei forstår konsekvensar og trekker parallellar til anna tryggleiksutstyr. -Eleven reflekterer over eigen og andre sin bruk av hjelm, belte og refleks. -Er bevisst si rolle som førebilete
9.	Ung og trafikken / Haldningsskapande arbeid Stikkord - Lys, syn og farge -Rus og trafikk		Eleven skal ha grunnleggjande kunnskap om mennesket i trafikken

	-Førstehjelp		<p>ved å</p> <p>a) beskrive vesentlege element i køyreprosessen og bli medviten på viktigheita av motivasjon og kjensler</p> <p>b) Forstå viktigheita av kommunikasjon og samhandling</p> <p>c) Bli medviten på ansvarsforståing i trafikken</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Elevane skal diskutere korleis merksemd og rusmiddel kan virke inn på sansar og reaksjonsevne i trafikken.</li> </ul>
10.	<p>Ung og trafikken / Haldningsskapande arbeid</p> <p>Stikkord</p> <p>a)Fart/akselerasjon b) Bilbeltebruk</p> <p>c) Førstehjelp</p>		<ul style="list-style-type: none"> <li>· Å bruke og skjønna matematiske omgrep om trafikk (strekning, tid, masse, fart, akselerasjon, kraft)</li> <li>· Å bruke formlar for å gjere berekningar</li> <li>· Å tolke resultat frå eigne berekningar og kunne setje desse inn i ein større samanheng</li> <li>-Forsøk og praktiske aktivitetar knytt opp mot hjelm, belte og refleks</li> <li>· Å gjere lokale undersøkingar, til dømes å undersøke bilbelte ved eigen skule, og bruke data til å lage statistikk</li> </ul>
9 og 10 klasse.	-Samhandling i trafikken	-Utforske og gjere seg kjent med trafikken i nærmiljøet	Elevane går rundt og registrerer

<p>Valfag - Trafikk</p>	<p>-Ansvar og risikoforståing  -Folkehelse og miljø</p>	<p>og foreslå konkrete trafikktryggleikstiltak - Reflektere over og vise korleis trafikktryggleiksutstyr kan redusere ulykker og skadar - Drøfte faktorar som har betydning for mobilitet, folkehelse og miljø -Utføre livreddande førstehjelp og tiltak på eit skadestad for å ivareta eigen og andre si helse og sikkerheit -Skildra trafikken i eit historisk perspektiv og drøfte utfordringar i dag og i framtida -Reflektere over og vise kva det inneberer å opptre trygt og ansvarsfullt i trafikken og diskutere etiske dilemma i trafikken</p>	<p>tryggleikstiltak i området rundt skulen. Koma med forslag på forbetringstiltak. Elevane fordjupar seg i eit trafikktryggleikstiltak og presenterer. Elevane risikovurderer skulevegen sin.  Elevane har innføring i enkel førstehjelp. Elevane deltek i arrangert trafikkulukke med fokus på sikre, varsle og redde</p>
-----------------------------	---	--	--